



Askøy kommune,
Klampavikvegen 1,
5300 KLEPPESTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Askøy kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Askøy kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 125/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafør det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Kommunen har høg lånegjeld. Gjeldsnivået er særleg høgt på bakgrunn av at kommunen har låge inntekter. Det er svært viktig å dempe veksten i lånegjelda i åra framover og unngå at den ikkje-sjølvfinansierande lånegjelda blir for høg.

Det er viktig at kommunen oppnår betre netto driftsresultat enn i vedteke budsjett og økonomiplan.

Når disposisjonsfondet no er blitt tilstrekkeleg stort, ser vi det som viktigare å auke driftsfinansieringa av investeringar enn å bygge fondet opp ytterlegare. Ved å auke driftsfinansieringa av investeringar, kan lånebehovet og gjeldsveksten bli dempa.

Det må påreknast å bli stor vekst i dei eldre aldersgruppene. Kommunen må tilpasse tenester og investeringar til at det blir stor vekst i talet på eldre framover.



Budsjett 2022

I rekneskap for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 104,3 mill. Det utgjer 4,1 prosent av driftsinntektene i 2021. Størstedelen av netto driftsoverskot er brukt til avsetjing i disposisjonsfond. Det positive resultatet i 2021 skuldast i hovudsak ekstraordinær høg skattevekst for kommunane.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet for 2022 med - kr 12,8 mill. Det utgjer - 0,5 prosent av driftsinntektene. Netto driftsunderskot er i hovudsak planlagt dekt inn med bruk av disposisjonsfond.

Kommunen har budsjettert med kr 865,3 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 1810,4 mill.

Inntektsprognosen for 2022 er no oppdatert med innkomen skatt i 2021 og folketal per 01.01.d.å. Den siste inntektsprognosen er på kr 1818,3 mill.

Det er budsjettert med utbytte frå BKK og frå BIR med til saman kr 20 mill. Faktisk utbytte i 2021 var kr 20,2 mill. Utbetaling frå Havbruksfondet er lagt inn i budsjettet med kr 1,6 mill.

Det er ikkje gjort vedtak om eigedomsskatt i kommunen.

Det er budsjettert med kr 117 ½ mill. i ordinære avdrag. Det utgjer 3,5 prosent av kommunen si lånegjeld ved utgangen av 2021, når vi trekker utlån frå lånegjelda. Det er lagt opp til minimums-avdrag med årleg 3,5 prosent av lånegjelda, utanom formidlingslån, i heile økonomiplanperioden.

I 2022 er det budsjettert med brutto investeringar for til saman kr 486,3 mill. Av investeringane utgjer sjølvfinansierande prosjekt innan VA-sektoren kr 374,1 mill. Andre investeringar, kr 112,2 mill., er for ein stor del investering i infrastruktur i Myrane-området.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Dessutan blir dei finansierte med moms-kompensasjon og investeringstilskot m.m.

Det er gjort vedtak om opptak av startlån til vidare utlån med kr 40 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 3651 mill., medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer 145 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 122.400,- per innbyggjar.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 236,8 mill. ved utgangen av 2021. Det utgjer 9,4 prosent av driftsinntektene i 2021.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.



Det er lagt opp til netto driftsunderskot i år, - 0,5 prosent av driftsinntektene. Underskotet er planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond. For dei neste åra i økonomiplanperioden er det lagt opp til noko betre netto driftsresultat, men overskota er likevel på eit lågt nivå. I prosent av driftsinntektene er det planlagt netto driftsoverskot aukande frå 0,1 prosent i 2023 til 0,5 prosent i 2025.

Det er lagt opp til store investeringar i økonomiplanperioden, 2022-2025. Samla investeringsprosjekt i perioden er rekna til om lag kr 1,8 mrd., av dette er nesten kr 1,2 mrd. i sektor for vatn og avlaup. Det er også planlagt store investeringar etter økonomiplanperioden, det vil seie i perioden 2026-2031. Av samla planlagde investeringsprosjekt i perioden 2026-2031 på nærmare kr 1,4 mrd., er om lag 2/3 i sektor for vatn og avlaup. Dei planlagde investeringane blir i stor grad lånefinansierte og lånegjelda kjem difor til å auke vesentleg framover.

Veksten i den ikkje-sjølvsfinansierande lånegjelda for perioden 2022-2025 er pårekna å bli 4,4 prosent årleg i gjennomsnitt. I åra deretter er veksten pårekna å bli endå høgare. Den høge pårekna veksten i lånegjelda skuldast fleire store planlagde investeringar. Det er planlagt investering i idrettsanlegg Myrane, bygging av Erdal ungdomsskule og utbygging av Erdal barneskule med infrastruktur og idrettshall.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Gjeldsveksten for ikkje-sjølvsfinansierande investeringar skal vere gjennomsnittleg maksimalt 4 prosent årleg i økonomiplanperioden. Handlingsregelen for vekst i ikkje-sjølvsfinansierande lånegjeld er med dette auka frå 3 prosent, som har vore lagt til grunn i dei to siste åra. Bakgrunnen for å auke nivået for gjeldsvekst er behov for å gjennomføre fleire større investeringar.
- Netto driftsresultat skal vere på minst 0,5 prosent av driftsinntektene.
- Disposisjonsfondet skal ha eit minimum på kr 80 mill., med oppbygging til 6,5 prosent av driftsinntektene.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har høg lånegjeld. Gjeldsnivået er særleg høgt på bakgrunn av at kommunen har låge inntekter. Den pårekna gjennomsnittlege årlege veksten framover i ikkje-sjølvsfinansierande gjeld er høgare enn vedteke handlingsregel på 4 prosent. Det er svært viktig å dempe veksten i lånegjelda i åra framover og unngå at den ikkje-sjølvsfinansierande lånegjelda blir for høg.

Det er budsjettert med netto driftsunderskot i år. For dei neste åra i økonomiplanperioden er det lagt opp til låge netto driftsoverskot. Det er viktig at kommunen oppnår betre netto driftsresultat enn i vedteke budsjett og økonomiplan.

Det faktiske netto driftsresultatet for 2021 var positivt og har gitt grunnlag for å styrke disposisjonsfondet.



Kommunen må ha eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond som driftsreserve. Disposisjonsfondet bør vere 8 - 10 prosent av driftsinntektene. Fondet er no opparbeidd til dette nivået. Det er viktig at nivået på fondet ikkje blir redusert i åra framover. Når disposisjonsfondet no er blitt tilstrekkeleg stort, ser vi det som viktigare å auke driftsfinansieringa av investeringar enn å bygge fondet opp ytterlegare. Ved å auke driftsfinansieringa av investeringar, kan lånebehovet og gjeldsveksten bli dempa.

I dei siste åra har det vore ei klår nedgang i talet på dei aller yngste innbyggjarane i kommunen. Dette inneber at det over tid også vil bli nedgang i talet på innbyggjarar i aldersgruppa som går i den kommunale skulen. Det er ikkje lenger vekst i den sistnemnde gruppa. I den same perioden har det vore vekst i talet på eldre innbyggjarar i kommunen.

Kommunen har hatt ei ung befolkningssamansetjing med få eldre innbyggjarar, samanlikna med innbyggjartalet. Det må difor påreknast å bli ei vesentleg eldre befolkningssamansetjing i kommunen med stor vekst i eldre aldersgrupper. Kommunen må tilpasse tenester og investeringar til at det blir stor vekst i talet på eldre framover.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent